



Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) inviterer til

Folkemøte om ny kraftledning frå Dalen til Hjelmeland, og ny transformatorstasjon i Hjelmeland.

Stad: Hjelmeland samfunnshus 4. februar 2020, kl. 19.00.

Lyse Elnett har vurdert at det er naudsynt å auke kapasiteten i nettet i Hjelmeland. Dei planlegg difor å bygge ein ny 132 kV kraftledning frå Dalen til Hjelmeland, samt ein ny transformatorstasjon på Hjelmeland.

Gjennom høyring av konsesjonssøknaden ønskjer vi å få høyringsinstansane sine synspunkt på planane og forslag til tiltak som kan redusere negative verknader.

På møtet vil NVE orientere om handsaminga av søknaden og konsekvensutgreiinga. Lyse Elnett vil delta og orientere om planane.

Alle er velkomne til møtet. Søknaden er lagd ut til offentleg gjennomsyn i Strand og Hjelmeland kommunar.

Dokumenta er også lagt ut elektronisk på www.nve.no/kraftledninger. For nærare opplysningar kontakt NVE v/ Katrine Stenshorne Odenmarck på tlf. 22 95 93 27 eller kast@nve.no.

Alle som har meiningar om saka kan sende uttale til Noregs vassdrags- og energidirektorat, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo eller nve@nve.no **innan 2. mars 2020.**

Vel møtt!